

## **Innkomne merknadar til framlegg om freding av Stranges Stiftelse i Bergen**

Det kom inn to merknadar til høyringa av framlegg til freding av Stranges Stiftelse i Bergen.

### **1. Merknad frå Fortidsminneforeningen, eigendoms- og museumsavdelingen i brev av 27.04.2021**

Fortidsminneforeningen støttar forslaget om freding av Stranges stiftelse, som eit monument over norsk sosialhistorie og hospitalarkitektur.

Fortidsminneforeningen saknar at dokumentasjonsvedlegga i større grad presiserer og skildrar kva for deler av interiør og fast inventar som vert omfatta av fredinga og vurdert som kulturhistorisk viktig. Fortidsminneforeningen ber om at fylkeskommunen vurderar om nyare interiørar og inventar frå tida etter at bygninga vart bruk til sosialomsorg, kan utelatast frå fredinga.

### **Kommentarar til merknad frå Fortidsminneforeningen, eigedoms- og museumsavdelingen**

Fylkeskommunen vil utarbeide eit justert forslag til interiørdokumentasjon der inventar som vert omfatta av fredinga dokumenterast og skildrast.

### **2. Merknad frå Fortidsminneforeningen avdeling Hordaland i brev av 28.04.2021**

Fortidsminneforeningen Hordaland avdeling støttar forslaget om freding. Avdelinga er forvaltnings- og driftsansvarleg og ønsker å kommunisere tydeleg at det kan verte trong for eit handlingsrom når det gjeld tilpassingar av føremålstenlege kjøken- og toalettfasilitetar.

### **Kommentarar til merknad frå Fortidsminneforeningen avdeling Hordaland**

Fredingsforslaget tar høgde for at ei slik tilpassing kan bli aktuelt og legger opp til at slike tilpassingar handsamast gjennom dispensasjonar når bygninga vert freda.